



Sauda sokn

## Høyring

### **Endring av vedtekter for gravplassane i Sauda**

---

Det ligg nå føre utkast til nye vedtekter for gravplassane i Sauda kommune. Desse vart vedteke i Sauda sokneråd i fellesrådssak 02/25, og vert med dette lagt ut på høyring. Alle som har innspel til høyringa kan koma med høyningsuttale. Instansar som får dette skrivet tilsendt er særleg oppfordra til å koma med innspel.

Vedtekter for gravplassar vert vedtekne på grunnlag av Gravferdsloven § 21.

Dei nye vedtekta er utforma etter tilrådd mal frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Det er denne instansen som er nasjonal myndighet for gravplassområdet.

Etter høyringa vil Sauda sokneråd (gravplassforvaltninga) vurdera innkomne høyringsinnspele. Vedtekta vert sendt til endeleg godkjenning hjå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Høyringsinnspele som vert mottekte vil verta lagt ved saka når den vert sendt til Statsforvaltaren.

Grunnen til denne endringa er i hovudsak etableringa av namna minnelund på Gunnarsmoen gravplass (ny § 11).

Det er også tatt inn ein ny paragraf med definisjonar av nokre ord og omgrep som vert brukte (ny § 2).

Vidare ein paragraf om mellomalderkyrkjegarden på Saua (ny § 7).

Gjeldande § 5 - tilvising av nye graver og § 10 - Gravfond, vert fjerna.

Paragrafane 14, 15 og 16 er nye.

Elles er fleire paragrafar oppdaterte etter ny mal som er komne til sidan førre endring. Til dømes er «kyrkjegard» bytta ut med «gravplass».

Ein kan finna meir informasjon om vedtekter for gravplassar, samt sjå malen som er brukt ved å gå inn på denne heimesida:

[Gravplassmyndighet | Statsforvalteren i Vestfold og Telemark](#)

**Høyringsfristen er sett til 10. mars 2025.**

**Høyringssvar skal sendast til:**

**Sauda sokn,  
Toppadalen 3,  
4200 SAUDA  
E-post: [post@sauda.kirken.no](mailto:post@sauda.kirken.no)**

M.v.h.

Maryam Veisi  
kyrkjeverje